Nr. 2 FEB.

SUNNANVIND

1979 60. årg.

LAGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN I BERGEN

ADR.: FENSAL, KG. OSCARSGT. 15, 5000 BERGEN

Heidundrande revy-suksess for Bygdelaget Sunnhordlendingen

SISTE SISTE !!

Til Tysnes til helga

(SUNNHORDLAND)

Revyar bygd på den «lokale tilstand» har alltid samla mykje folk i Sunnhordlandsbygdene. Framsyninga av revyen «Da står te liv» — ved Bygdelaget Sunnhordlendingen (60-årsjubilanet i mars i år), i ungdomshuset i Omvikdalen laurdag kveld var heller ikkje noko unnatak. Heile to hundre frammøtte hadde funne kvelden høveleg for eit revy-innslag, og dei som kanskje hadde trudd at forestillinga ville bli ein «fiasko» tok feil. Ikkje eit minutt fekk dei frammøtte høve til å hengja med hovudet, heller tvert i mot — låtten stod under taket både titt og ofte og det var ikkje tvil om at publikum hadde det triveleg i salen. Som ein kan forstå, hausta bygdelaget Sunnhordlendingen frå Bergen stor fagnad for «stykket» sitt, og vi er ikkje i tvil om at dette revystykket vil verta meir fagnad til del, i dei andre bygdene som skal vitjast.

Revykvelden opna med velkomst og orientering om Sunnhordlendingen. Deretter bar det i veg med revy-innslag, visesong, dikt og morospel i fleng, og det gjekk ikkje lange stunda før låtten stod under taket. Innslag som «Da går til donders», «Den nye veien», Da goa valet», «Bergensmeieriet» og «Mens me ventar på dampen» (pa kaien i Ølen) har då og stort folkeleg aspekt og er ting folk kan tenkja seg til har skjedd i bygdene våre.

Det vart og framført ei rad dikt av Sunnhordlandsdiktarar og Jimmy Nes song vakre og for det meste sjølvlaga viser.

Vel ferdige med revyen spela Sunnhordlendingen opp til dans.

Aktørane var: Lars J Lysen, Ølen, Margot Våge, Vik i Sogn, Carsten Helgesen, Askøy, Kari Berge, Tørvikbygd, Magnhild Arholm, Utåker, Arvid Holm, Bergen, Per Aga, Stord, Jimmy Næs, Rosendal, Olav K. Fjære, Fjæra. Willy Njånes, Auklandshamn var diverre sjuk.

J.H.

LAGSMØTE I FENSAL

TORSDAG 8/2 KL. 20



SUNNHORDLENDING PÅ STANDPLASSEN

PRGRAM:

FILM FRÅ VIETNAM

MAT - KAFFI - DANS

KAKE - LOTTERI.

JUBILEUMSNYTT

Eg stakk innom lagsrommet som snarast ein kveld, og der var revyfolka på farten med øving. Eg trur "da går til donders" var namnet på revyen. Vi får vona det går bra likevel. Det var stadig banking på dører utan at nokon kom inn. Innimellom høyrde eg kjeften på Ola-guten. Men om det var medspelarane som fekk instruksar og kritikk eller om det var departementsfolka i Oslo som fekk Åkrafjord-bondekjeft for sitt politiske spel, nei det veit eg sanneleg ikkje. Oppi alt dette skulle eg seia god tur til Sigmund som fer til Vietnam. Før han reiser, har han nedlagt eit kjempearbeid for jubileums-skriftet. No sit han vel i ein bunkers i Vietnam og ventar på jubileums-fyrverkeriet.

Ellers er det Ola-guten som er skriftstyrar, og om du har fått oppmoding om å koma med innlegg, så heng i. For det du skriv kjem i godt selskap. Og om du vil vera viss på å få deceniets viktigaste kulturskrift i hende, så betal gjerne forskot på bankgiroen (el. postgiroen) som du kanskje alt har fått.

På siste lagsmøtet var det forresten øving på revyen. Som vanleg gjekk eg glipp av det meste. Så noko anmelding kan eg diverre ikkje koma med enno.

VALNEMNDA ER I SVING

Dei svinsar og svansar omkring deg
smiskar og yndar seg inn.
Dei lokkar og trugar og skryt.
Men du gjer deg kostbar og treg.

I styre, i blad og i nemnder
skal arbeida trottuge hender.
Men jobben skal møtast med
glede og iver
om strevet skal krunast med
siger (naudrim)

Gunnbjørg og Bente og Frode
dei er blant valnemndas gode
Gunnbjørg ho smiler og Bente ho le
Frode står bakom og ser.(trugande
på deg om du ikkje seier ja).

Men eg trur da går bra.

Stilling ledig

Herverande avis søkjer ny sjefs-redaktør. Høver for person med skrivekløe i begge hender, eller for diktarar med mange refuserte verk.

Bill. mrk. Avisa som et alt,
men som er vanskeleg å fordøya.

SPORT

Legg deg i trening. Sunnaburennet krev ein innsats av deg. Fleire og fleire gjer det.

SUNNABU 4. - 5. MAI 1974

Vi skal skriva dikt
det er moro med slikt.
Laurdagen var stygg og grå,
men sundag var det råd på ski å gå
Laurdagskvelden gjekk med dans og leik,
glising og leing og mykje preik.
Olav fekk ein knekk i hofta,
men det har han vel fått så ofta.
Grunnen til dette var hallingkast.
Han landa på golvet med brak og brast.
Bortsett frå dette gjekk allting b
no skal vi heim att dra.

SKISESONGEN HAR TEKE TIL

Hu, hei kor er det vel friskt
og lett
Oppå fjellet
Her går dansen i friske sprett
Og foten dansar og augo ler
Og halsen kveikjande hugnad fær
Oppå fjellet.

Kom gut, kom ut frå den kalde by.
Oppå fjellet.
Her er ein stemning forutan kny

Oppå fjellet.
Og hytta er utav jenter full
Dei treng ei lokka med fagre gull
Her på fjellet.

Mot toppen strevar du tung og heit.
Her på fjellet.
Når formen kjem ikkje nokon veit
Her på fjellet
I morgon flyg du på nut og tind
Då er det sigeren som er din
Over fjellet.

SOGA OM "LYNET" OG "SINKEN HOPP".

Det er ei soge som skal minnast så lenge Sigmund har vondt i halebeinet og så lenge Gunnbjørg er kald bak.

Hovedpersonane i soga er spiss-sleden "Lynet" og ski-kjelken "Sinken", og påskegjestene på Sunnabu.

Utferda i Mødalsveien er ellers omtala i Hardanger Folkeblad under den misvisande overskrifta: "Ungdom og sledefyll på Kvam-skogen"



Her tek den sanne soga til, slik ho er fortald i dei gamle skinntavlene på Sunnabu:

.....Seint um kvelden sat kallen frå Myklevoll i lag med droser og drøste. Dei andre karane let um for kvarandre at dette sømde seg lite for Myklemannen

Det er sagt at dei lokka han med på ei sledeferd med hingsten Hinken Hopp. I unnabakken batt dei saman sleden hans "Sinken" med "Lynet" til fjordmennene. Farten vart stor for gamle "Sinken", og det gjekk ikkje likare enn at han gjorde eit byks frå eine humpen til den andre. Etter dette seiest det at Sigmund låg på magen mange netter, og drosa Gunnbjørg fekk 5 liter vatn (isvatn) i buksa. Det går gjetord om at karane tykte dette var sværande gildt. Og det var det.

SUNNABU

Før du reiser frå hytta:

Gjer ovnen rein for oske, legg innpå kveiksle med tørr ved, koks i koksboks.

Alle mat- og påleggsrestar som ikkje vert tekne med attende, skal kastast.

Vask av golv, vaskane på romma må gjerast reine.

Tøm toalettbøtta og gjer ho rein.

Syt for at det ikkje vert kasta kaffigrut, oske eller anna avfall rundt hytta, og at alle nyttar klosettet og ikkje snøen vinterstid, anten det går "strålande" eller "skitt".

Skru av loket for utslagsvasken så han ikkje frys.

Syt for at det er pengar att på automaten.

Hytteprisar gjeldande frå 1. april 1974

Pr. natt medlemmer kr 6,-
Pr. natt ikkje medlemmer kr 10,-
Ei veke medlemmer kr 125 (mandag til fredag)
Ei veke ikkje medlemmer kr 225,- (mandag til fredag)
Lag frå fredag til søndag kr 200,-.

Lag frå laurdag til søndag
kr 125,-.
½ pris for born over 5 år.

Hytta er ikkje til utleige i helgane i skisesongen.

Hytta vart kjøpt i 1961 av Elfrida Olsen frå Norheimsund. Ho er fullverdiforsikra for kr 248.000,-.

Du må ringja Kristi, 26 00 12, i arbeidstida for å få nøkkel fram til årsmøtet.

Så velkommen på hytta og ta gjerne med deg ei ny venninne!!

Helsing Magne



PÅ VEG OPPOVER

KOMITE FOR MAT OG DRIKKE:
RAGNHILD NESSE
MARIT JOHANNESEN
ODDVAR DRANGE
OLAV BJØRGEN



Framhald av Hu, hei..

Eit av versa vart sensurert bort av skrivemaskindama. Men vi tek det med:

Og når så alle til kvile gjeng
Oppå loftet
Då reier nokon vel opp di seng
Oppå loftet
Då tenkjer alle på jenta si:
"I draumar vert ho vel kanskje mi"
Oppå loftet.

Fritt etter
Kristoffer Janson

Revyen: Da står til liv, e no komen i gong, og vi e på reisefot. Vi oppmodar no andre gode lemer å bli med til Sunnhordlandsbygdene. Slike turar veit vi av erfaring kan bli fulle av moro. Har du lyst, har du lov, så berre henvend deg til oss, så får du veta tid, stad og reisemåte.

styret.

Vi vonar at det vert karnevall på Sunnabu i år og. Vi oppmodar hyttestyret om å ta seg av saka.

styret.

Skal du på NU- stemna?
Vi er nokre som skal ha fylgjande reiserute:
Båt: Bergen-Rysjedalsvika, fred.22.6.
Buss: Til Førde. Landskappleik.
Buss: Førde-Florø, mand. 25.6
Hurtigruta til Trondheim 26.6
Tog til Namsos onsd./torsd.
Evt. Fly heim att.
Vil du vera med, så heng på og kontakt oss.

styret

Hugs at vi skal ha godt fotball-lag i år og. Så hald deg i trim, gå på ski, bruk lagshytta (gjeld berre dei som alt er i form ? red. mrk.)

styret.

SKRIV I SUNNAN-VIND. FÆRRE OG FÆRRE GJER DET!

SUNNANVIND NR. 3. 9 FEB. 81

RIMFAKSE

OLAV TVEITANE
ALF B. GJERSTAD
GABRIEL
FLIFLET

KJEM ATT
TIL SUNNHORDLENDINGEN
I FENSAL 407
TORSDAG 12 FEB KL 20.-

FOLKEMUSIKKGRUPPA RIMFAKSE I SAMARBEID MED RIKS-KONSERTANE OG HORDALAND FOLKEAKADEMI SPELAR FOLKEMUSIKK FRÅ:

- NORDEN
- DEI BRITISKE ØYANE
- BALKAN

PÅ INSTRUMENT SOM GITAR, MANDOLIN, HARDINGFELE, COCHRAN, TREKKSPEL, PIANO OG MANGE FLEIRE.

ETTER PROGRAMMET SPELAR RIMFAKSE TIL DANS

MAT - TE OG KAFFI

ALLE VELKOMNE!

MARKNADEN

Torsdag 19. mars har vi den store MARKNADEN i Fensal. Opplegget vert omlag som i fjor - med andre ord ein kjempekoseleg kveld. Lat det spørjast bøde vidt og breidt at denne kvelden er det til Fensal folk går.

Alle som sit med loddbøker, må ta eit krafttak og få selt lodda sine, di før di betre. Og dei som ikkje har fått loddbøker kan venda seg til Lars Olav. Hovudlotteriet har fine gevinstar: Åkle m.m. Gevinstar til kveldslotting skal vi og gjerne ha. Det er no sy- og strikketid. Sokkar, labber, huer og større ting som løparar, puter, venserar .... alt er velkome.

Har du vore på salg? Noko som kanskje ikkje heilt høvde slik det skulle? Fine marknadsgevinstar - gi det til Magne. Julegåver eller andre ting som aldri har vorte brukt, men som berre er stua bort i eit skåp? Finn det fram. Vi skal ha MANGE gevinstar.

Spørsmål, tilbod, framlegg? Kontakt marknadsnemnda eller styret.
Lars Olav Tveita tlf. 23 50 76
Magne Ro, adr. Kong Oscarsgt. 13

Gevinstar kan og leverast inn på kontoret vårt i Fensal. Vaktmeisteren låser deg inn om du kjem når det ikkje er folk der.

TEKSTTEVLING

Framføre vinterferien tek me med følgjande kanhende typiske situasjonsbilete for dei som skal sørover:



Framlegg til tekst kan du senda eller overføra på annan måte til redaksjonen. Vinnarteksten vert premiert.

NETT NO....

- ser me fram til marknaden 19. mars.

- vil me til fjells, hyttevakter eller ikkje.

- ventar me på eit godt helgeopplegg frå hyttestyret.

- kjenner me oss oppbrukte stoffleg som tydeleg framgår av det du no held i hendene.

FRÅ SISTE LAGSKVELDEN 29. JANUAR

Programmet var H.S.D. filmen "Ei reise gjennom 100 år" med kommentarar innlesne av Ivar Eskeland. Passasjersjef Jacobsen synte fram filmen og elles la fram interessante fakta om H.S.D. Filmen er produsert av Svekonfilm. Opptaka er gjorde i ein femårsperiode med ein del foto og film frå eldre tider innklypt i filmen.

Filmen syner distriktet i vinter og sumar og elles er det innslag frå handverk, industri og kultur.

Han kunne fortelja at den andre kopien av filmen gjekk sin rundgang i Storbritannia. Den hadde engelsk tale og var vel omtykt der.

P.g.a. tekniske vanskar var Sunnanvind for seint ute sist.

Så det kan henda at ein del av
lesarane våre ikkje kom.

Elles så skal komitéen med
Anne Karin Lunde,
Annemor Skaar,
Kjell Matre og
Inge Fatland
ha takk for spennande mat
m.m.

Så spela Helland og Bolstad
til dans.

PRENT

BERGEN
11. 3.82 21-24
5000



Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178

5072 BJØRNDALSTRÆ

VELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
KONG OSCARSGT. 15 BERGEN
TILSLUTTET NOREGS UNGDOMSLAG



MARKNAD I LILLE FENSAL

Nå er det marknadlille snart!

torsdag 18. mars kl. 1930

i lillesalen i Fensal.

Spennende gevinster, leker og spill, mange sjanser til å vinne lykken.

Og vafler!

Og kaffe!

Vi håper det blir trangt om plassen og høy stemning.

Styret



Marknad, loddbøker, gevinstar

Til alle som har tatt mot loddbøker:

No må du ta ein innspurt i loddsalet. Bøkene må vi ha tilbake innan torsdag 18. mars kl. 20. Helst ser vi at du møter fram denne marknadskvelden. Har du ikkje høve til det, så legg bok + pengar i postkassen til Sunnhordlendingen i Fensal, eller send det til Sunnhordlendingen, Kg. Oscarsgt. 15, i god tid før 18. mars.

Vi er og takksame for gevinstar. Lever dei på lagsrommet vårt, eller ta dei med torsdag 18.: Handarbeid, bøker, innkjøpte ting, ubrukte gåver, alt er velkome.

L.O.T.

LEIAREN SPALTE

Årsmøtet er over. Nye folk har fått plass i Sunnhordlendingen si imponerande liste med styre og råd, andre har berre bytta plass.

Eit nytt hovudstyre har sett i gang med jobben sin. Ein av dei store arb.oppgåvene er å laga ein samla oversikt over kva som skal skje i laget ut dette året. Av dette skal det verta ei lita trykksak saman med tilsvarande oversyn frå dei andre bygdelaga i Bergen.

Me håper også at dette kan letta litt på arbeidet i styret fram over; og gje litt "raud tråd" og kontinuitet i arbeidet. Me trur også at det kan letta fordelinga av oppgavene utover til dei andre medlemmane. Styret vart nemleg ganske leie av å ha ansvaret for nesten kvart einaste møte i fjor.

Med dette interessante (?) programmet som me no vonar snart skal sjå dagens lys, trur me på ein auke av medlemstalet i laget. "Ta-med-deg-kjende" er det eg har størst tru på, saman med god PR via avisa vår, plakatar m.m.

Til sist: Me er så opne for gode idear og ynskje som aldri før. Vil me snart motta nokre?

A.B.H.

Sunnaburenn

Laurdag 20. mars kl. 16 går starten i langrennet. Som alltid før vil fredagskvelden og laurdagen gå med til nervekrig, drøfting av lengda på rennet, trekking av startnummer og smørjing av ski.

Dei siste åra har vi nytta sprintløype med bestetid ca. 5-6 minutt. Det nye hyttestyret står som arrangør, og bestemmer opplegget ut frå det som høver best for den form dei sjølve er i på løpsdagen. Hyttestyremedlemene er lette å påverka og endå lettare å bestikka. Det er såleis heilt demokratisk.

Liksom i fjor skal vi ha 2 x 1 runde stafett etter hovedrennet. Tenk alt no på å få til eit høveleg lag for deg sjølv: Kommune-lag, fylkeslag, landslag eller andre kombinasjonar.

Om kvelden vert det kanskje karnevall, men heilt sikkert festbankett. Så ta med noko ekstra godt å eta og drikka.

L.O.T.

Sunnabu terminliste

20. mars	Sunnaburenn
28. mars	Kvamskogen rundt
3. - 7. april	Palmehelg m. første del av påska: hytta er open for alle
7. - 12. april	Påskehelg: påmelding innan 25. mars. Du kan melda deg på for heile eller halve tida. (onsd.-lørd., eller lørd.-mand.) Oppslutninga i fjor var liten, så det er plass til mange medlemer med kjente. Hytta er då stengt for andre. Fellesinnkjøp.

Etter påske er det ledige veker for leige og mange fine helger med skiføre og sol.

Fram til påske reknar vi med det er folk på hytta kvar helg. Men ring i alle tilfelle til einkvan i hyttestyret før du dreg oppover:

Hyttekontakter: Lars Olav Tveita priv. tlf. 23 50 76 helst før kl. 1500
Margot Våge arb. tlf. 29 48 05 kl. 0800 - 1530

Vi minner om vinterrutene frå Bergen busstasjon:
Alle dagar kl. 8, kl. 1045, kl. 1350, kl. 1525, kl. 1715, og
fredag og sundag: kl. 1915.

Vel møtt på Sunnabu og ta med masse folk oppover (men ring altså først og spør om det er plass).

L.O.T.

REFERAT FRA SISTE STYREMØTE

- Det nye styret er konstituert! Saker ellers - Per Aga søker fritak fra deltakelse på styremøter fram til sommeren; innvilget. Kari Berge innkalles i hans sted, men har ikke samme møteplikt.

- Kr 2 000, fra L/L Bygdehus overføres til oppussing av lagsrommet, samla løyving blir da 4 100 kr, som komiteen bruker på beste måte

  1 hengelampe
  4 skrivebordslamper
  6 klappstoler
  1 bordplate
  Gardiner
  Golvteppe av kokos

- Spele- og synge- og dansegruppa legger opp program for besøk på Johannes Gamleheim før påske. Neste øvingskveld er hos Anne Brit Stormsgt. 4, onsdag 17. mars kl. 2000. De som har lyst, kom da vel! Vi skal ha det moro selv, så det blir til glede for andre.

- Neste styremøte: onsdag 31. mars på lagsrommet. Alle som vil kan være tilstede, kl. 1900.

SKRIVEMASKIN



REFERAT FRA ÅRSMØTET

P.g.a. dårlig frammøte blei møte utsatt ca. 1/2 time uten bedre resultat, det møtte tilsammen 13 personer. Undertegnede blei utpekt som referent, og Helge Eldevik som ordstyrer. Servering: Kaker, te og kaffe.

Sak 1: Årsmelding

Enighet om å gjennomgå årsmeldingen ved at de enkelte undertegned leste opp høyt. Formannens side: ingen spes. kommentar. Leikarringen: ingen spes. kommentar. Sunnavind: Svein Erik Tøien beklager sterkt forglemmelsen av Knut Eggum som har vært meget engasjert i driften av avisen ca. halvdelen av året. Også tittelen som lay-out sjef blir gjort om til lay-out konsulent da producere er den som har hatt mesteparten av arbeidet med utgivelsen.

Sunnabu: ingen spes. kommentarer. Skytterlaget: Opplysning om hvem laget består av; O. Drange, O. Bjørgen, S. Bakke. Rådet: Spørsmål om hvilken oppgave det har. Blei lest opp eget skriv for rådets funksjon. Det var i hovedsak å følge med i lage drift og gi råd og rettleiing som ivaretar lagets interesser. Utsendinger og medlemmer i div. nemnder: ingen spes. kommentar. Resten av årsmeldingen går over i sak 2.

Sak 2: Regnskap

Regnskap for leikarringen, ikke ettersett, ingen spes. komm. Regnskap for bygdelaget Sunnhordlendingen 1981. Nøen små rettelser. Er revidert. (Enkelte kommentarer) Regnskap for Sunnabu:

KUNN-
GJERINGA

1. De av medlemmene som har nøkkel til lagsrommet, men som ikke lenger sitter i styre og stell, bes levere nøkkelen tilbake til noen som trenger den, i styret. På forhånd takk.

Styrets innpisker

2. Med dette nr. vert det lagt ved innbetalingsblankett for medlemskontingen 1982, kr 80.

3. Abonnement Sunnavind (for ikkje medlæmer) er auka til kr 35 for året.

Kasseraren





Noen små rettelser, er ettersett.

Sak 3: Val

Alle innvalgte blei applaudert inn (ikke hemmelig). Resultat: finnes på egen side.

Sak 4:

a) Nedlegging av leikarringstyre: Nytt styre ble ikke valgt, Kari Berge ble kontaktperson.

b) Nedlegging av spellagsstyret: Nytt styre ikke valgt, kan velge seg selv.

c) Valg av PR-sjef. Kommer inn under styret. Medllemmene der tar seg av saken.

d) Utmelding av laget vårt i Noregs Ungdomslag. Ingen avgjørelse. Flere ting som må utredes først; spes. økonomiske forhold og hva som kan skje med hytta.

e) Auka medlemskontingent. Forslag fra styret kr 100, forslag fra salen kr 80, resultat kr 89.

Anne Britt fikk overrakt klubba, og Per fikk 3 røde roser. Disse ville han dele på. Margot og spillemannen var de heldige utvalde.

Referent
Anne M. S. Løberg

SUNNABU EKSTRA

Referat:

19. - 21. februar var den første storhelga på Sunnabu i år. Flott skiføre, Kvittingturar, kortspel og dans! God gamal hyttestemning. Eia var du der!!

Opp-pussing av gamle soverom Sunnabu?

Rommet innafor kjøkkenet er lite populært. Det må pussast opp og isolerast. Eit framlegg er at vi samstundes utvidar det til eit 3-mannsrom. Soverommet innafor stova vert samstundes redusert til eit vaskerom for loftsfolket. Inngang frå stova til begge rom.

Soverommet kan ha dobbel underkøy og vert då skreddarsydd for familiefolk, kjærastpar og større grupper som ikkje vil okkupere loftet.

Framlegget er hermed overlevert arkitektseksjonen for detaljteikning.

NEI TIL ATOMVÅPEN

VÅRMESSE

Vårmesse i Gamle Folkets Hus,
17. og 18. april.

- Loppemarked
- Underholdning ved kjente artister
- Salg av kaker, te, kaffe, brus ...
- Støtt bevegelsen, stikk innom!

hilsen
Nei til atomvåpen, Hordaland,
Allegaten 40



REVYEN

Sunnfjordlaget har revy i Gimle lørdag 20. mars!

Jacob Sande i ord og toner.

Se annonsering i avisene.



SKIRENN

Idrottslaget Gular skipar til bygdelagsrenn på ski, fra Gularhytta i Eikedalen (Kvamskogen) laurdag 20. mars.

Frammøte og påmelding. kl. 1200.

Vel møtt!



Det nye styret

formann

Anne Britt Hestenes
Stormsgt. 4
5000 BERGEN
tlf. arb. 220185
tlf. pri. 213154

nestformann

Inga Tveito
Bjørgegrend 119
5033 FYLLINGSDALEN
tlf. arb. 264608

kasserar:

Eldbjørg Stubhaug
Inndalsveien 120
5032 MINDE
tlf. arb. 291100 lok. 3804

skrivar:

Svein Erik Tøien
Tullinsgt. 2
5000 BERGEN
tlf. arb. 316749

styremedlem:

Anne Løberg
Nordåsveien 107
5045 SKJOLDTUN
tlf. arb. 272480 (hjemme-
sykepleien i Fana)

varamenn:

1. Per Aga
2. Kari Berge
3. Ottar Hunnes



REDAKSJONEL LIT SINNAVIND

Kor ofte vil lesarane ha den ut?

Skal vi koma ut ein gong føre kvar lagskveld eller eit nummer for anna kvart år?

Kva meiner lesarane?

Skriv og sei meininga.

Skal vi senda bladet eller vil tingarane gå til nr. 15 og henta det.

Hugs trykksakportoen har nådd den astronomiske prisen kr 1,75.

Ny vri

Enkel og grei måte å laga avisa på: Re'aksjonen sender ut tittel og nr. på bladet og lesarane fyller ut sjølve så får dei den avisa dei vil ha, og så sender dei eksemplaret inn. Dei beste utkasta vil bli premiert.

TILLITSVALDE -82

GUBBELAGET:

Hjalmar Tvedt

Kjell Matre

Lars Olav Tveita

Sigmund Myklevoll (varam.)

RÅDET:

Per Ivarsøy

Ole Sæbø

Kjell Matre

Hjalmar Tvedt

Sebjørn Frøkedal

SKYTTARLAGET:

Olav Bjørgen

Samson Bakke

Oddvar Drange

Brit Bjørgen (varam.)

BLADSTYRET:

Hans Heie
Øyjordsbotten 16C
5035 BERGEN-SANDVIKEN
tlf. 190000 (372) arb.

Svein Erik Tøien
Tullinsgt. 2
5000 BERGEN
tlf. ~~216749~~ 316749 arb.

Elisabeth Fjæra (varam.)

ETTERSYNSNEMND:

Sebjørn Frøkedal

Harald Aarbakke

UTSENDING TIL GULAR:

Kari Aarbakke

UTSENDING TIL FOLKEDANSGILDA I BERGEN:

Ottar Hunnes

UTSENDING TIL SOSIALGRUPPA I BYGDELAGSNEMNDI:

Anne Løberg

UTSENDINGAR TIL BYGDELAGSNEMNDI:

Anne Britt Hestenes

Kjell Matre

Lars Olav Tveita (varam.)

HYTTESTYRET:

formann Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ
tlf. 235076, helst før kl. 1500

Knut Eggum
Michael Krohnsgt. 54
5000 BERGEN

Arvid Holm
Marikoven 2
5302 STRUSSHAMN

Atle Tornes
Nye Sandviksvei 57
5000 BERGEN

Margot Våge
Kolstien 39
5030 LANDÅS
tlf. 294805, kl. 0800 - 1530

Helge Eldevik
Ottar Hunnes
(varamenn)

PRENT



Lars Olav Tveita
Ravnestølen 173

5072 BJØRNDALSTRÆ





som vart ein særs ---.VELLUKKA tilskiping,skulda :

1) BØMLO-teateret sitt vidgjetne,etterspurde og særs VEL-SPELA program!!!.!

2) Lars-Olav si iherdige PR-verksemd (div. små-annonsar i BT, div. personleg stensilerte og utsendte stensilar,og - kven veit - div. personlege telefonoppringingar ?????

3) eit VARIERT og INTERESSERT og ENTUSIASTISK PUBLIKUM, som strøymde til frå nært og fjernt (bl.a. Haugesund og Bømlo!) ---------- eldre og yngre, kjente og ukjente andlete dukka opp - det vart faktisk reine JUBILEUMS-fest-stemninga(60-års-)!!

4) RJOMEGRAUT m.m.m. - som jo var ei overraskingfor dei fleste, utan arrangements-komiteen. Den var,etter som me høyrde, VELSMAKANDE, sjølv om den var meieri- og ikkje sjølv-laga. Og det vart, til arrangem.kom.'s overrasking, NOK av den óg!!

Dei gamle, velkjende Bimle-salane!
STAPPFULLT dansegolv i stilig polonese,
velklingane musikk på fele og trekkspel(kvar for seg),
vals, springar, sving og tango-steg, og - ikkje minst ---
ihuga " DRØS" der det høvde seg --- bortover benkjeradane,
i peiskroken,på trappe-avsatsar, i stol-krinsar og dør-glyttar.
Balanserande kaffe-koppar og kakefat utpå natta ------- - - ---
-- og -- me fekk UTVIDA OPNINGSTID --- heilt til kl.02.oo ---
bønner til vaktmeistaren!!

Alle so ikkje kom, kan ANGRA..!!!!!!
VEL MØTT neste gong!!

Det hadde vel vore tøfft om det kunne bli TRADISJON med BØMLO-taateret på haustfesten!!!

DAGEN ETTER

var det OPPRYDNING v. komiteen - etter - det har eg gløymd å nevna-dei 170 gjestane!!! !!! !!! !!!! !!
Det gjekk med iver og glød - særleg gjorde Willy ein ihuga innsats i botnen av GRAUTGRYTENE - som ,trass i ihuga og flittig røring var blitt noko BRUNSVIDDE. Me kom litt for seint på at det skulle vera smart å leggja kobbarmynter under grytene - så hugs på det, NESTE komité!!

ref. Elisabeth F.

Kobbarmyntene bringer oss over på neste tema ---

GRAUTMØTE 9/12 :

Song -g musikk gruppa CONCORDIA er foreslege som program-innslag.
Me vonar dei kan koma.
Me er i alle høve VISSE på at me kjem til å servera resten av RJOMAGRAUTEN , kringlar,flatbrød og saftT!!
Og om det vert for LITE, noko MEIR .....
så --- MØT FRAM, og ta gjerne med deg ei nisselue eller to, så me kan koma i rette FØRE- JULS- STEMNING!

DANS - - - - KAFFI

I FENSAL, 4.HØGDI

Referat fra møte i BYGDELAGSNEMDA I2/IO.

Her vart det spørsmål om ein skulle få liv att i bygdelags-skytinga, og det vart diskutert eindel om kvifor den vart lagt ned. Konklusjonen vart at det var for mykje med eit 5-manns-lag, og at programmet var for vanskeleg.

Det vart bestemt at ein skulle gå over til 3-manns-lag som skulle vera forhåndspåmeldt, og at ein kunne stilla med fleire lag. Vidare vart det sett ned ein "ekspertgruppe" på 3 personar som skulle utarbeide nye statuttar for skytinga som ein tar sikte på å få til neste år.

v. innkalt repr. for Sunnhordlendlangen,
O. Bjørgen

Resultat frå SUNNABUSKYTINGA.

Laurdag den 9/IO var det ein fin gjeng i sving på Fana skyttarlag sin bane på Stend. I det fine haustveret var frammøtet godt, og me får wel seia at favorittane slo til, sjølv om sat langt inne i dameklassen før siste serie. I herreklassen fekk Oddvar sin tredje aksje i pokalen, og får den til odel og eige!!!

Resultat i dameklassen:		Resultat i herreklassen:	
I) Anna Sofie Totland	..II4p.	I) Oddvar Drange	..I87p.
2) Brit Bjørgen	..IIIp.	2) Lars Olav TVeita.	I67p,
3) Bente Mikalsen	..I05p.	3) Olav Bjørgen	.....I62p.
4) Gerd Iversen	...79p.	4) Knut Eggum	...I55p.
5) Eldrid Hansen	..75p.	5) Atle Tornes	.. .I46p.
6) Kirsti Havikbotn	..62p.	6) Rune Koch	....I35p.
		7) Per Erik Hansen	..I27p.
		8) Helge Eldevik	...72p.

v. Sunnhordl.'s "utskutte" repr., O. Bjørgen



SUNNABU

Hytta er utleigd helga 26.-28.november.
For dei som er sugen på ein hyttetur, tilrår vi følgjande alternativ:
10.-12.desember vert det organisert KOMLEFEST, testing av 1982/83-snøen, testing av julebrus, testing av juleform, utdeling av julegåver til hyttestyret (sjå ønskjelister side 7, 8 og 9) og snømåketevling.
31.desember og ut året vert det organisert NYTTÅRSFEST, testing av pinnekjøt (ta med sjølv) kålrabistappe og andre gode nyårsforsett.
Alle andre helger vert det ikkje organisert noko, så då kan du ta med deg einkvan og reisa opp til FRED OG RO.

HYTTETAKSTANE

er under kontinuerleg revisjon. Helgeutleige utanom sesong er no skrudd opp til Kr. 300 + Kr.10 pr. person.

VINTERFERIE PÅ SUNNABU

Vi intensiverer marknadsføringa av vekeutleige, så ver om deg i god tid for å få deg ein rimeleg vinterferie. Nemn det for vener og arbeidskollegaer.

FAMILIESELSKAP ELLER LAGSMØTE??

Eg siktar med denne overskrifta til eventyrkvelden som var sist lagsmøte. Programmet var greit nok, og aktørane imponerte til dels stort (dette gjeld spesielt ein munnrapp ein som stod for det kunstnarlege) Men, eg trur ikkje det var rette staden for ei slik intimstund på golvet. No er det ikkje slik å forstå at lagsmøtet var anonsert så godt at nokon utanforståande kunne dukka opp i "familiesele skapet, men tenk om ein av oss hadde vore så uheldig å teke med oss ein potensiell ny medlem denne kvelden.....
Nei, lat oss ikkje tenkja slike hifse tankar.
Men vi må bestemma oss for om laget skal vera eit familieselskap eller også ope for nye kunnhordlendingar i Bergen. L.O.



Me innbyr med dette alle medlemene i Sunnhordlendingen til leikfest i Bul - Bergen at noveber 1982 kl. 1930



Programinnslag ved

Otto Furholt
Ruth Johnsen
Randi Skeie
Ole Ekores

Dans til Otto Furholt trio

God mat ....

Billettar - kr. 75 for medlemar
kr. 90 for andre - kan tingast
i Fensal · Kong Oscarsgate 15
5000 Bergen - 05 · 317446

PRENT



Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ





Vel møtt

Tradisjonar kan vera så mykje. Dei kan vera til det gode, men og til det mindre gode. Til det siste må det vel reknast at årsmøtet i Sunnhordlendingen også i år samla berre pålag 20 sjeler. Tradisjonen tru sto heller ikkje lagsfolk i kø for å verta mellom dei "som har noko med det". Kort sagt det var sørjeleg tynt i rekkjene av "unge dynamiske kvinner og menn" til å ta over og føra arbeidet i laget vidare. Nå ja, noko ungt og friskt kom då inn med Atle og Jorunn, men når "fossil" som underteikna og Aase Liv - båe aktive for 10-12 år sidan, - no får høve til "come back" så gjer vel mange sine refleksjonar.

Krise er det likevel ikkje i laget, la det vera sagt, i alle høve ikkje enno. Det er likevel klart at skal laget vera liv laga, treng vi nytt blod. Rekrutteringa til laget må verta betre og her kan og må alle medlemer - gamle som unge - hjelpa til. Dersom alle kvar på sin plass maktar å gjera laget kjent, ta med seg nye "fjes" til dei ulike tilskipingane vi vonar å få til framover, skulle mykje kunna betrast. Så gode lagsfolk: TA MED VENER OG KJENDE OG MØT OPP!

Vi er likevel klåre over at å få nye medlemer i seg sjølv ikkje løyser vanskane våre. Like viktig som å få folk til å møta fram, er det å få dra dei nye inn i arbeidet i laget, - aktivisera - dei. Berre då kan vi ha von om at dei vil bli verande i laget. Dette vil verta ei hovud oppgåve for styret, det er sjølvsagt, men også her må vi få appellera til dei som alt er "innanfor" i laget: alle må gjera sitt til å få nye til å trivast. Det er vår oppgåve å ta kontakt med nye som dukkar opp og gjera det lettare for dei som kjem å verta kjende med oss. Dette bør alle ha i tankane alt på det første lagsmøtet 10. mars.

Når rekrutteringa i det siste har vore skral, så kan dette og skuldast måten vi arbeider på i laget. Det er kan hende på tide å vurdera spørsmål som: kva oppgåve har lag som Sunnhordlendingen i dagens Bergen? Kva vil vi med laget? Kva slag aktivitetar bør laget tilby? osv.

Styret vil sjølvsagt drøfta spørsmål som dette, men vi ville vera overlag glad om medlemene og ville ta del i denne diskusjonen. Spaltene i SunnaVind vil alltid vera opne for innlegg eller innfall? her. Så konklusjonen må vera: har du gode ideear til nye arbeidsformer, aktivitetar eller liknande, så BRENN IKKJE INNE MED IDEEANE! la oss alle få del i dei.

mj

Internasjonalt Folkedansgilde

Det går mot vår og det går mot Internasjonalt Folkedansgilde. Vår mann i gildenemda i år som i fjor, er Ottar Hunnes. Like før SunnaVinden skulle gå i trykken hadde han følgjande å lufte for alle gode og gjestfri Sunnhordar: I år som tidlegare år treng ein overnattingsplass til dei mange frå inn- og utlan som gjestar byen for å ta del i Folkedansgilda. Dei han har i tankane er deltakarar frå TYRKIA, TSJEKKOSLOVAKIA, ITALIA, SVERIKE, IRLAND, SHETLAND, og NORD NORGE. Tidsrommet er 23/24-30. mai. I tillegg kan det opplysas at gruppa frå IRLAND er ei ungdomsgruppe.

Følgjande krav vil verta stilte dei som tek på seg å hysa dei tilreisande: overnattingsplass til minimum 2 eller fleire, frukost og noko hjelp med bussrute reisemåtar-og tider.

Til gjengjeld kan dei som tek i mot dei langvegsfarande gjesten rekna med å få fribillettar til ein del arrangement.

Så gode lagsfolk med husrom og hjarterom, syn gjestevenskap og opna heimen dykkar for nye vene. Dette kan de gjera ved å venda dykk til Ottar Hunnes ved unive. itetet i Bergen, telefonnr.: 320040, lokal 3502.

LISTE OVER TILLITSVALDE

Hovedstyret

formann	:	Willy Mjånes Bergvn. 50 5063 KRÅKENES	- tlf. 122583
nestformann	:	Jorunn Elisabeth Røyrvik Hatleberg Studentby 5035 BERGEN-SANDVIKEN	- tlf. 256010
kasserar	:	Atle Tornes Nye Sandviksvei 57 5035 BERGEN-SANDVIKEN	- tlf. 319854
skrivar	:	Anne Britt Hestenes Storms gt. 4 5000 BERGEN	- tlf. 325054
styremedlem	:	Åse Liv Tveita Hanssen Gyseterlia 22 5070 MATHOPEN	- tlf. 234418

arb. 327690
priv 325054

Hyttestyret

formann	:	Lars Olav Tveita Ravnestølen 178 5072 BJØRNDALSTRÆ	- tlf. 235076
kasserar	:	Atle Tornes Nye Sandviksvei 57 5035 BERGEN-SANSVIKEN	- tlf. 319854
styremedlem	:	Anne Britt Hestenes Storms gt. 4 5000 BERGEN	- tlf. 325054
styremedlem	:	Eldrid Meling Hansen Ravnestølen 152 5072 BJØRNDALSTRÆ	- tlf. 264978
styremedlem	:	Helge Eldevik	
1. varamann	:	Ottar Hunnes	
2. varamann	:	Anne Sofie Totland	

Skyttarlaget

formann	:	Olav Bjørgen
styremedlem	:	Oddvar Drange
styremedlem	:	Samson Bakke
varamann	:	Brit Bjørgen

Gubbelaget

Hjalmar Tvedt
Kjell Matre
Lars Olav Tveita

varamann: Sigmund Myklevoll

Rådet

Atle Tornes
Hjalmar Tvedt
Per Ivarsøy
Sebjørn Frøkedal
Kjell Matre

Ettersynsnemnd

Sebjørn Frøkedal
Harald Aarbakke

Utsending til Folkedansgilda i Berg

Ottar Hunnes

Utsending til Bygdelagsnemndi

Formannen
Margot Våge
Lars Olav Tveita (varamann)

FOTBALL - FOTBALL - FOTBALL - FOTBALL

Det nærma seg, det nærma seg så legg dykk i trening kæffolk som kvinnfolk, for laurdag 28 mai ber da laust att med årets mest spesielle eventyr - bygdelagsturneringa i fotball. Det vert meir om storhendet seinare, men fram med treningstøy og joggesko. Vi har mykje å forsvara så ta i og tøy til venstre - til høger -- tralla mmmm .....



LAGSMØTE.

Torddag 10.03.83, ber da laust med lagsmøte att.
Staden vil som vanleg vera leiksalen i 4. høgda, Fensal, og tidspunktet er kl 2000, eller åtte om kvelden som folk sa før i tida.
Programmet vil Erling Virkesdal frå Sjøfartsmuseet stå for, og han vil ta oss med på eit streiftog gjennom soga til HSD. Kåseriet hans vil verta illustrert ved lysbiletе, og kan hende klarar vi og å finna på anna til å skapa stemning omkring temaet.
Det vil og verta servert noko å bita i, samt kaffi må, vita. Dans? Jau, ein svingom skal det bli- og to og tre.....
Har vi lukka med oss (og kvifor skulle vi ikkje ha det?), så har vi og ei aldri så lita overrasking mot slutten av kvelden, ein retteleg godbit skulle vi tru. Den som kjem får sjå.
Difor gode lagslem MØT FRAM! og ta med ei veninne eller ein ven du meiner det vil vera til pass for å havna i Sunnhordlendingen.
Vi i styret vil og be alle lagsfolk om å vera særleg merksame på nye "fjes"denne kvelden, og gjera sitt til at ein blir kjende med desse, og at desse blir kjende med oss. Kort sagt: la"nye" kjenna at i Sunnhordlendingen er dei velkomne, at vi har bruk for dei, og at dei høyrer med.



Marknad 24 Mars

HJELP!! VI SKAL HA MARKNAD! 24. mars - Fensal -storsalen kl 1930.
Det årlege økonomiske vedunderet i Sunnhordlendingen.
Men skål det verta noko vedunder treng vi:
VINSTAR.
LODDSELJARAR
Derfor alle nevenyttige lagsfolk no er det tid for å strikka, sy, hekla eller veva. Kaker til utlodning vil vi og setja pris på, og sjølvsagt seier vi heller ikkje nei til "kjøpevinstar" eller gåver frå dei som driv forretning eller liknande.
Loddsalet til hovudutlotinga er alt i gang, og her kan vi nemna følgjande "store" vinstar: målarstykke, elektrisk handdrill, ryggsekk (60 l.), kaffitrektar, jarngryte, 5kg reker frå Hordafisk, Proviantkasse frå KØFF, akebrett og mykje anna.
Vi vil derfor be alle som vi vender oss til med loddbøker vera venlege å hjelpa oss med salet. Skulle vi gløyma å senda dykk bøker, så ring Willy Mjånes, telef. 122583 og be om loddbok.
Programmet for sjølve marknadskvelden skal vi koma attende til i neste SunnaVind, men stort sett vil ein følgja opplegget frå tidlegare marknader. Så no gjeld det gode lagsfolk at de sparar pengar og får med dykk folk til marknaden. For når pengane i lagskassa kling... så slepp vi t.d. leggja på kontingenten.

W.M.

KULTURSIDE – VISE FRÅ EIT AVGÅNDE STYRE

STYRE-VISA (mel. Dyrene i Afrika).

Her er ei lita styrevise som de no får læra
om nokre folk i laget her og alt dei har å gjera
Inga, Eldbjörg, Svein Erik her
Anne Britt og Anne der,
Anne ho tok skrekken heilt,
gjekk tidleg ut av styret.

Det var på årsmötet i fjor at me blei valt til styre
Det var 'kje vår skuld må de tru, nei det kan me bedyre.
Med nye krefter, tiltakslyst, pågangsmot gjekk me til dyst,
ikkje visste me vel då kva året ville bringa.

Men eit program me måtte ha
om det som kunne fengja.
Me syntes nok det var 'kje lett når hjernen vår vart "vrenja".
Kanskje ei forandring her ?
Nei, i dette laget her, er vi mykje fanga av dei gamle tradisjonar.

Den fyrste faste posten vår det måtte nok bli marknad.
Med vaffelsteikjing, eliking, spikring, loddsal, dans og moro.
Kven vart mester'n i å slå, spikaren i fjöla må.
Den som hamra færrast slag vart vinnaren for kvelden.

Ein blåtur vi i mai sku' ha, då sommar'n mot oss lakka.
Til Rosendal i veg det bar med sekk og nistepakka.
Sola steikte kvite kroppar, og i vatnet då vi hoppa.
Men her var det heise kaldt og svien fekk oss stoppa.

Til hausten måtte me igjen ta til med styremöta.
At me var travelt opptekne det skulle me for böta.
Kveldstid var det uråd å,
leggja styremöta på.
Ved middag på kafear vart programmet vårt utforma.

Ein haustfest kom i stand og folk fekk vita dette vidan.
Så livleg som i Gimle var, ja det er lenge sidan.
Teateret frå Bömlo kom -
römmegraut og kaffi som
gav oss trong og lysten til å valsa nattetimar.

Og lagsmötet om eventyr vart halde på ei matta
av nokre dette vart 'kje likt, da kunne me 'kje fatta.
Kjedeleg familiefest
nei hyggjeleg som trong litt blest.
Nye ting oss kan 'kje stoppe
skal laget haldast oppe.

Utviklinga for laget vårt skal bli korleis heritte ?
Interesse må nok trengjast frå oss alle som her sitte.
Lat oss ikkje gå i ring,
pröv ut stadig nye ting.
Sunnhordlendingen bör vera laget med litt fart i !

Eldbjörg

LITT FRÅ STYRET :

Styremøte - 14.02.83

- fordeling av verva i styret, sjå liste annan stad i avisa.
- lagsmøtet som tidligare var oppsett 3/3, vart flytta til 10/3 grunna skulane sin vinterferie.
- Marknad i "stor stil" vert halde 24/3, sjå annonse annan stad.
- Me freistar å få til eit par søndagsmøte for "gamle" Sunnhordlendingar m/familie. Willy og Åse Liv arbeidar vidare med denne tanken.
- Vårfest 23/4.
- Verving framleis aktuelt. Me oppmodar alle om å ta med nokon dei kjenner.
- Forslag om dansekurs i vår. Me ventar med dette til hausten, men tenkjer alt no på instruktør, hus m.m.

Styremøte - 24.02.83

- Program lagsmøte 10/3 fastlagt, sjå annonsering annan stad.
- Marknaden tek form, sjå anna annonse.
- Vårfest 24/4: UL FRAM frå Etne tilbyr oss programmet: "Sunnhordland & Sunnhordlendingar" - Kjempetilbod som bør nyttast !!!
- Program frametter våren.
  2 nye lagsmøter i april. Dato ikkje klårlagt.
  1 lagsmøte i mai.
  Fotballturnering 28/5.
  4-5. juni (truleg) - Blåturen vår.

SUNNABU

Terminliste

12.-13. mars	-	Vanleg treningshelg før Sunnaburennet.
19. mars	-	SUNNABURENNET startar kl. 16.00 - Historiens mest premierte langrenn. Om kvelden er det stor bankett - Ta med god mat.
25.-30. mars	-	PALMEHELG med første del av påsken. Familiefolk m.fl. inntar hytta - for onsdagskvelden kjem "dei andre" som skal ha ei stille .....
PÅSKEHELG	-	Bindande påmelding innen 24.3. til Anne Britt. Fellesinnkjøp, rom-service, avslapping, festing i 5 heile dagar.
10.-12. juni	-	DUGNADSHELG.

NB! Til no - 4 veker før påskehelga - har me alt teke imot 10 påmeldingar !!
P.g.a. plassen set me eit tak på ca. 16 personar.
Dersom du kan tenkja deg å reisa til SUNNABU denne helga, så vent ikkje for lenge med å melda deg på.....

Vekeutleige av hytta:

Til no er berre veke 11 og 15 opptatt. Har du vinterferie til gode, bør du tenkja på å leiga Sunnabu sundagskveld til fredagskveld for berre kr 200,- (medl.). Då har du hytta for deg sjølv. Har du vener, kollegaer el.l. som er interesserte, så kostar det for dei kr 350,-.
VER SNAR! Etter 1. mars gå vi ut på det "opne markedet" for å få leigarar.

Nytt frå hyttestyret:

Overnattingspengane vert som før, berre påskeprisen vert sett opp til kr 20,- pr. døgn (kr 100,- frå onsdag til 2. påskedag).
Etter konstituering er Atle kasserar.
Atle og Lars Olav er hyttekontakter. Meld frå til ein av dei når du vil oppover (sjølv om du har nøkkel). Dei skaffar nøkkel og gir gode råd. Og kanskje viktigast: dei veit kor mykje folk som kjem (og kven).
GOD TUR - BRUK HYTTA MYKJE!



MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
KONG OSCARSGT. 15 BERGEN
TILSLUTTET NOREGS UNGDOMSLAG

INNHALD

FORMANNEN HAR ORDET:

Gode lagsfolk!
Dette nummeret av Sunnavind er som de ser prega av den førestående marknaden. Eg vonar at alle vil setja av tid til å møta fram i Fensal på torsdag, og at retteleg mange og ser seg i stand til å stø laget gjennom vinstar og/eller loddkjøp. Småvinstar får me"aldri" for mange av,så har de eitkvart lite å avsjå, såå vil me setja pris på det.
Elles for marknaden kan de lesa andre stader i avisa.
I lag med Sunnavind kjem det denne gongen og krav på kontingenten for inneverande år. Vi vonar at de gjer vel og sender oss desse pengane snarast. Særleg er det viktig å betala lagspengane om de framleis er interesserte i å få tilsendt lagspladet, SunnaVind. Berre utlegg til porto pr. medlem kjem kvart år opp i 25-30kr. for at det skal få avisa. I tillegg kjem utlegg til papir o.a. i samband med trykking.

Willy.

N/B Hugs lagspengane

Marknad

TORSDAG 24 MARS kl 19.30.

Alle er hjarteleg velkomne, gamle som unge, korn som vaksne. Vi i Sunnhordlendinga vil og få be ut de gjer vel og tek med dykk venen og kjende til denne tilskipinga. Jo fleire som kjem desto betre for laget sin økonomi, og jo betre økonomi, desto betre tilbod på andre område, tilbod som vil koma dykk som medlemen til gode.

Vi vil og vera takksame for vinstar til å loddo ut, til premian i tevlingar m.m. Stort eller lite, vi vil setja pris på det. Dersom de ikkje kan koma innom med det i Fensal, så kontakt

Willy Kjønes, telef. 122583 etter kl 17.00., eller
Aase Liv Tveita Hanssen telef. 234418.

Eventuelle spørsmål i samband med marknaden,kan rettast til dei sam

MARKNAD - MEIR MARKNAD OG ENDÅ MEIR MA

Storsalen. Fensal - 24 mars.

PROGRAM FOR MARKNADEN

Pilkast, skytebane, lykkehjul, spikerslåing, auksjon, utlodning og eventuelle andre marknadsleyer.
Trekning i hovudutlodninga vår der ein mellom anna finn vinstar som: målarstykke/grafikk (ca 1000 kr.) Elektrisk Handdrill (ca kr.1000), Ryggsekk (60 l.), Kaffitraktar, Jernpynte, 5kg reker, proviantpakke, og manye andre fine ting. Dersom de ikkje skulle ha fått lodd i denne utlodninga, vil det verta høve til å få kjøpa lodd første del av kvelden.

Det vil verta selt kaffi, boller og nykande ferske vaflar.

Dans vil det og verta høve til, og musikken vil verta sytt for av Atle Kolkeinsvik.
Tilbjenyet er fritt. Difor gode sunnhordlandar og andre laysfolk, KOM FRAM og STØ SUNNHORDLENDINGEN, samstundes som du sjø'n får ei triveleg stund saman med mykje gjevt folk. Kan hende kan de og møta gamlekjende de skjeldan ser.. Kven veit - i Sunnhordlendingen kan alt skje.
Til så lenge (til 24. mars) :





KULTURSIDE:

På fest med Fana Mållag

Mange av oss sunnhordane hadde funne vegen til Stend jordbruksskule, laurdag 12. mars. Fana mållag skipa då til bygdekveld, og kven andre enn "våre" eigne Stanley Jacobsen og Ingvar Moe stod for programmet. Var det kan hende det som lokka ut så mange sunnhordar? Var det kan hende desse som lokka ut så mykje folk at ein alt tidleg måtte finna fram både bord og benker for å få alle sessa?
Som de skjønar - det var mykje gjevt folk samla og stemninga var stor. Dei har vorte scenevane etter kvart desse bygdegutane våre, og etter at dei hadde funne "tonen" gjekk det både lett og lystig med både skjemt og alvor. Kanskje mest det første forrestenn men ingen god skjemt er vel utan alvor, og så ikkje her heller. Heilt utifrå tykkjer underteikna at avslutninga var. Rett nok kjende eg innhaldet att frå radioen, men dei var og synet verd å sjå der deiharsellerte med fraser og flosklar frå kioskliteraturen sitt vokabular, eller med kjærleiksfilmar a la Hollywood i 50-åra. Og inniblandt "song Stanley noko fint!" Deretter var det utlodning, men det var ei lang historie.

Fana spelmannslag og Olav Helland sytte for at vi fekk svinga oss. Jau, vi hadde det hyggjeleg vi som var der, så de kunne godt ha kome de andre og.

W.M.

PRENT

BERGEN 11.4.83 -8 5000

BERGEN 11.4.83 -8 5000



Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ

MELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
KONG OSCARSGT. 15 BERGEN
TILSLUTTET NORGES UNGDOMSLAG



LAGSMØTE

Torsdag 14.april slår vi til med nytt lagsmøte.
Stad: FENSAL.
Tid: kl. 2000.
Folkedans er vi ikkje ukjende med i Sunnhordlendingen, men internasjonal folkedans, dvs. folkedans frå andre land, er vi vel ikkje like kjende med.
Torsdag gjer vi noko for å bøta på dette. Då vitjar nemleg **FOLKEDANSGRUPPEN AIDE IGRA**
oss og syner oss dansar frå andre land. Kanhende dei tek oss med i dans og? Kven veit? Den som møter fram får sjå.
Elles skal vi både ete og svinga oss slik skikken er. Bolstad & Helland spelar til dans.
Og hugs: Ta med vener og kjende så vert vi fleire.



MATKOMITE: Magnhild Årholm, Sissel Lilleng og Willy Mjånes. Komiteen stiller seinast kl. 1900 og kvar er ansvarleg for å skaffa reserve om dei ikkje kan møta. Sistnemnde tek seg av innkjøpa.

Marknaden.

Marknaden vart avvikla torsdag 24 mars i Fensal. Vi hadde vona på større frammøte, men kvelden var kan hende ikkje den beste, like før påskeferie. Likevel vart det mange pengar å hende då, kronene sat laust. Så gjorde no og den yngste sunnhord lendingsgenerasjonen ein framifrå innsats som loddseljarar. Vi takkar dei for innsatsen. Det same gjeld alle dei andre enten dei steikte vaflar kokte kaffi, hadde bakt boller eller på anna vis gjort gagns arbeid. Takk rettar vi og til alle dei som hadde selt lodd på førehand.

Willy.

Sunnabu Påske

det sol, sol, sol, sol og sol ar, og laurdag var det stjerne-tur for
nnabu heile påskehelga. Dei 10- dei som trudde dei var spreka. Då
heldige som fekk feira helga på kom også Bente opp med ei søster og ei
a er komne til byen att, brune i flaske som hadde minst 4 stjerner. Alle
n, lystige i sinn og med krampe i tre vart mottekne med opne armar.
ttermuskulaturen. Sundag klaga nokre på hetebyger,
Det heile starta med fødselsdags- kvalme og hovudverk og drog til byen
besøk for Jorunn om onsdagen. Torsdag att. Dei skulda vårsola. Resten av for-
var det lett oppvarming med sæturing samlinga avslutta med Sildrebekk-tur
og ein mistenkjeleg munter matkomite. på 2.dag.
Torstein avslørte alt no erotiske sider Slik er påska på Sunnabu. Detaljar
ved dekketøyet, angst og brunostmanko nemner vi ikkje, men i år var det song
og ein rett-på-sak talemåte som sette og gitarspel om kveldane i staden for
støkk i hyttegjenferdet (jordmora) og kortspel. Det er mykje snø i år så dei
husmusa. Langfredag var det lange tur- som vil, kan reisa opp og halda fram med
påskefeiringa like til pinse.

L.O.T.

Våren kommer Vårfest

Nedtelinga til vårens lystigaste ..... har byrja. Det er sjølvsagt vårfesten vi har i tankane. Bente og Anne Sofie med fleire arbeider i det stille, så vent på posten, til til postkassane i dagane som... kjem for no kjem han snart - innkallinga til repetisjonsøvelsen etter den vellukka haustfesten. Vi skal ikkje røpa for mykje her, men hald laurdag 23. april ledig for då ber det laust. Vi veit og at det vert Etne vise- og kabaretgruppe som vil syta for programmet og at det vil verta mat og dans og litt forskjellig, detaljane skal vi ikkje avsløra her, men følg med, ting med, for no vert det spanande, men hald av den 23. april.

Jubeldag

DRAMATIKK!
FART!
SPENNING!
Frå innspurten:



På Sunnabu

(Frå vår utsprengte medarbeidar).
Laurdag 19. mars avvikla vi med stort ståhei vinterens langrenn. Dei ivrigaste kom opp kvelden før for å lada opp og freista skjenka konkurrentane under bordet. Då det ikkje lukkast, gjekk dei over til taktikk nr.2: å lokka konkurrentane med på kjempelang tur i det fine veret på laurdaen. Då starten skulle gå sat alle heilt utslitne i stova på Sunnabu.
Men- etter eit par oppeldnande ord, kom alle seg i sving med løypelegging og renn. Føret var knallhardt. Største dramatikken under rennet kom då Atle ikkje greidde siste sving. Her tapte han mange sekundar. Resultata vart slik (vi tek av plassomsyn berre med dei 3-4 beste i kvar klasse):



KVINNER

1. Liv Eldri Andersen
2. Kirsti Havikbotn
3. Gerd Iversen
10. (tid) Ingse Andersen.

MENN

1. Lars Olav Tveita
2. Rune Koch
3. Per Erik Hansen
4. Atle Tørnes

Etterpå var det festbankett med biff og raud drikke (om eg ikkje minnest feil).

L.O.T.

VIKTIG MELDING

Alle pedalofile Sunnhordar her kjem ei viktig melding: I mai/juni ein gong vert det også i år arrangert "Skjærgårdsrittet". Sjølvsagt har rittet vore ein suksess før og, men prikken over i-en har liksom mangle, -Sunnhordlendingen har ikkje stilt opp. I år gjer vi noko med det, så fram med pedalgampen, oljekanne og lappesaker og til å trø. Nærare melding vil følgja i SV seinare.

SUNNAVIND

6-83

ELDINGSBLAD FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
NG OSCARSGT. 15 BERGEN
SLUTTET NOREGS UNGDOMSLAG





Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178
5072 BJØRNDALSTRÆ

FRENT

BERGEN-SANDVIKEN
30. 05. 83
5035

NORGE 200

"Blåtur" 4/5 juni

Det går mot sommar, men før vi tek sommarferie skal vi ut i det "blå" (NB! gjeld ikkje kollektiv innmelding i Høgre). Nei,- det er sjølvsagt BLÅTUREN som skal avviklast. Avviklinga skjer komande helg. laurdag 4. og sundag 5. juni og turen i år går frå Fitjar til Leirvik til fots over fjellet, kort sagt Stord frå nord til sør. Inne på fjellet ein stad har Eldbjørg (Stubhaug) nytte. Den har ho gjestmildt opna for farande med tilknytning til Sunnhordlandingen, og dit går første etappe på laurdag. Sundag dreg vi så frå hytta til Leirvik for så å returnera derfrå til Bergen.

Turen vil gje oss trim, gnagsår, svettelukt, naturopplevingar som myggbit (ta med myggolje), ormestikk (sett opp testamentet før turen) fiskelykke/ulukke (alt etter om ein har hugsa fiskestonga eller ikkje), sosialt samvær på eit høgt plan (opptil fleire hundre meter over havflata), kort sagt noko å skriva heim (og i SunnaVind) om.

For å få eit visst oversyn over kor mange som har tenkt å vera med, så ber vi om at de "slår på tråden" til Anne Britt, telf. 325054, og melder dykk på til henne. (INNAN TORSDAG 2. juni).

Reiseplanen er: buss frå busstasjonen laurdag morgon kl. 8.00 og ferje frå Halhjem med ankomst Sandvikvåg kl. 10.00. Avmarsj frå Fitjarstølane kl 10.30 (for dei som vil slutta seg til der).

Returreisa kan vi drøfta under vegs.

Med omsyn til mat og matlaging så er kvar einskild ansvarleg for å ta med det han/ho treng. For å gjera middagslaginga på hytta laurdagskvelden mest mogeleg rasjonell, vil vi likevel rå til at ein der satsar på ein gryterett og ris. De kan gjerne avtala dette nærare med Anne Britt når de melder dykk på.

Til turen på sundag kan det likeeins vera lurt å ha med ein suppepose.

Vel møtt til tur på laurdag og sundag.

Styret.

Jubeldag

SUNNHORDLENDINGEN ENDELEG TIL TOPPS I BYGDELAGSTURNERINGA I FOTBALL .

Etter 2-1 siger over sunnfjordingane og 1-0 siger over eit samansett lag frå BUL og Ervingen, sikra Sunnhordlendingen seg endeleg ein siger i Bygdelagsturneringa i fotball.
Tre faktorar sikra den etterlengta og (får vi tru?)populære sigeren: - godt frammøte,

- god disponering av Lars Olav frå sidelina i første kampen, (han kom inn på bana i den andre)
- og sist men ikkje minst tanksenter Atle som og vart toppscorar med 2 fulltreffarar.

Vi burde og kan hende ta med ein fjerde: keeperdebutanten Egil, var i det absolutt umulige hjørnet, dvs. han var i alle hjørne som sunnfjordingar og andre prøvde å lura ballen inn i.
Så sjølv om mange av oss i dag slit med stive lår, blæ leggjer og skinnlause kne, gløymer vi det og går inn for ny sesong med liv og lyst og store voner. Einaste skår i gleda er at vi kanskje lyt arrangera turneringa neste år. (Det er visst straffa for å slå sunnfjordingane). Men den tid den sorg.

Frå SV's sundspente spelande reportar.

PS! Sunnfjordlaget fekk andreplassen då dei etter at vi hadde gått heim slo BUL/Ervingen 4-1.

Sundag 29.05.83.

PÅMINNING: HAR DU HUGSA KONTINGENTEN?
KASSERAR ATLE KLAGAR – ALTFOR FÅ HAR HITTIL BETALT LAGSPENGANE FOR 1983. VER VENLEG SEND OSS Kr.80 og FÅ EIN GOD SOMMAR.

STYRET.

SÅ ØNSKJER VI
KVIAR ANDRE EIN GOD SOMMAR
OG VEL MØTT TIL HAUSTEN!

PRENT



Lars Olav Tveita
Ravnestølen 178

5072 BJØRNDALSTRÆ



JULETREFF - TIRSDAG 13. - JULETRE

Etter eit par månaders "pause", prøver vi no med ei lita førejulssamkome.

Stad: kantina i HAVFORSKNINGSINSTITUTTET, Nordne

Tid: TIRSDAG 13.desember kl. 2000.

NB! merkdagen!

Program: "ålvorsmenesje" Sigmund er vert og vil ta oss med i Akvariet og/eller syna film frå aktivitetar ved Havforskninga.

NB! Stell dykk ikkje slik under synfaringa at breikjeften blir flau eller avundsjuk (men de må gjerne ta med godt humør).

Det vil elles verta premieutdeling for Sunnabuskytinga -83, (sjå neste side).

Mat? Ja.

Dans? Det og. ATLE KOLBEINSVIK spelar, (både swing og anna)

Så gode vener møt kvinne/mannjamnt fram og ta gjerne med vener/kjende/ektefelle/andre feller/hjerteve'en/den snille nabo/den sinte nabo/gla'laksar/vemmelege fiskar (vi skal nok gjera menneske av dei- eller plukkfisk)/ eller andre som her har vorte gløymde.

Uansett: VELKOMMEN!

Styret

Sunnabuskytinga -83.

Det var fint haustver og gode skyteforhold då Sunnabuskytinga vart avvikla 8.oktober, melder skyttarlaget. Dette trekte mange deltakarar til Stend for å testa skyteferdighetene sine.

Det blei iår ikkje sett opp nytt krus i herreklassen, fordi det må lagast eit nytt skyteprogram som gjev urutinerte skyttarar betre sjanse til å hevda seg.

Av deltakarane er det grunn til å framheva Marit Tveita, som debuterte som juniorskyttar og hevda seg bra.

Resultatlistene ser slik ut:

KVINNER:

1.	Brit Bjørgen 119 poeng	119 p.
2.	Bente Mikkalsen	112 p.
3.	Gerd Iversen	106 p.
4.	Anne Britt Hestenes	103 p.
5.	Marit Tveita	89 p.
6.	Eldrid Meling Hansen	75 p.

MENN:

1.	Oddvar Drange	173 p.
2.	Olav Bjørgen	169 p.
3.	Arne Rød	165 p.
4.	Per Erik Hansen	164 p.
5.	Lars Olav Tveita	163 p.
6.	Atle Tornes	143 p.

Olav Bjørgen

JULEGÅVEPROBLEM?

Julegåvestresset er over oss att, og iår som ifjor og åra før der igjen undrast vi på kva vi skal gje. Kva skal besteforeldre, tanter, onklar , foreldre osv. få som ikkje hamnar i eit eller anna skap?
Har de gløymt "BOKJO"?
Vi har framleis ein god del eksemplar att, og høyr/les no følgjande spottpristilbod, (det er jo å vera julenisse fleire veker før tida):

- einskildeksemplar no kr. 25,-
- bokpakke med 5 eksemplar el. fleire kr 20,- pr.stk.

Dersom de ønskjer å nytta tilbodet, kan de berre ringa 122583 (Willy) og tinga boka der.

Boknemnda vil og nytta høve til å be alle medlemenev vera hjelpsame å setja oss i kontakt med mulige kjøparar. Særleg vil vi be dei av dykk s[illegible] framleis har kontakt med klubbar, lag, organisasjonar i heimbygdene, (eller andre stader der de trur det kan vera interesse), å gjera dei merksame på boka og på dette tilbodet. Fortel dei at her har vi ei billig og spesiell bok som kan nyttast ved utlodning, til gåver o.l.

Det er synd at så mange fine eksemplar av boka skal liggja å støva ned i kjellarar [illegible]g på loft, så hjelp oss å få ut ein del av restopplaget.

For boknemnda: Kjell Matre, Bente Mikalsen
Hjalmar Tvedt, Willy Mjånes.

SUNNA' VIND

3 - 1984 20. MARS

elerat frå årsmøtet i Sunnhordlendingen torsdag 23.febr. 1984.

ormann Willy Mjånes opna møtet og ynskte dei 13 frammotte deltakarane velkomne. Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. il punkt 5. Eventuelt, melde Knut Eggum og Atle Tornes kvart sitt nnlegg. Margot Eggum vart vald til møteskrivar.

. Årsmelding.

Formannen opplyste at det nøyaktige medlemstalet var 53. Anne Britt Hestnes gjorde merksam på at me hadde vore omlag 20 deltakarar på dei fleste møta i fjor, slik at tala i årsmeldinga var litt låge. Elles vart årsmeldinga go_kjend utan merknad.

.Rekneskap.

Kasserar Atle Tornes gjekk gjennom rekneskapet for Sunnhordlendingen. Han opplyste at rekneskapet viste underskot, men at det i realiteten var eit overskot på ca kr.1200, då ein del postar høyrde til året før. Det kom framlegg frå Anne Britt Hestnes om å ta dei små postane skrivemaskin og varmeomn ut av balansen. Kasseraren meinte det var ingenting i vegen for å gjera det og at postane målarstykke og fane kunne takast ut og. Rekneskapet for Sunnhordlendingen vart godkjent av årsmøtet med at dei fire postane fane, målarstykke, varmeomn og skrivemaskin skulle takast ut av balanseoversikten. Kasserar Atle Tornes gjekk og gjennom rekneskapet for Sunnabu. Rekneskapet vart godkjent utan merknad.

. Medlemskapen i NU- utmelding eller.....

Formannen viste til at det var stort fleirtal i fjor for utmelding, og at det var dyrt å vera med, då me ikkje har gjort oss nytte av medlemsskapen. Han opplyste vidare at eit mindretal i laget på 5 personar kan fortsetja med namnet og medelen til laget innan NU.

Atle Tornes viste til møte i rådet der dei var komne fram til at dei aktive medlemane i laget måtte få stå fritt når det gjeld NU-medlemskap og drifta elles i laget, men underforstått at det minimum måtte veljast eit "forretningsministerium" til å stå ansvarleg for lagsmedel m.v.

Avrøystinga over spørsmålet om utmelding or NU gav følgjande resultat:

For utmelding or NU: 11 røyster

4 røysta ikkje.

b) Brosjyre for laget.
Knut Eggum sette fram ein ide om å få laga ei brosjyre med presentasjon av laget. Det vart streka under frå styret at fyrst og fremst treng me stoff til innhaldet, men ein såg gjerne at Knut Eggum kunne undersøkja m.m. pris for å få til ei slik brosjyre.

c) Atle Tornes hadde betalt kr. 5,- for ufrankert brev til Sunnhordlendingen, der ein person ber om å få tilsendt ein pose kaffi. Han lurte på om nokon på møtet kjende denne personen, noko ingen let til å gjera.

Møtet vart avslutta med 16 deltakarar, 3 hadde kome til undervegs. Før pkt. 4 på saklista vart det servert mat, te og kaffi.

Margot Eggum
møteskrivar.

Det nye styret har no konstituert seg, (sjå annanstad), og vi finn grunn til å understreka følgjande om det styre som no er valt:
- vår einaste plikt er å administrera laget i året som kjem, og sjå til at det vert kalla inn til årsmøte neste år.
- vi vil likevel stø og hjelpa alle initiativ frå medlemer som ønskjer å setja i gong med noko, fest, lagsmøte, eller noko anna positivt. Islike høve er det berre å kontakta oss i styret og vi skal prøva å svara på spørsmål, hjelpa til økonomisk og praktisk så langt råd er.

For styret
Willy Mjånes
(form.)

TEATER-BESØK ??

Vi prøver med ny dag for å sjå
"ILDLANDET"

Torsdag 5. april går alle sunnhordlendingar i teatret. Sjå omtale av stykket i forrige nummer av Sunnavind. Påmelding til JNGA tlf. priv. 31 89 89 seinast søndag 1. april. Ring gjerne alt i dag.

4. vel.

Formann i valnemnda Lars Olav Tveita, la fram forslag frå valnemnda om tillitsvalde i Sunnhordlendingen, og han forklarte at stoda i la var slik at dei ikkje hadde funne viljuge styrekandidatar. Årsmøtet kom fram til at då det ikkje var "eldsjelen" i laget no som hadde tid til lagsarbeid, vart det valt eit styresom skulle administrera laget og ta seg av formelle ting. Kor aktive me skal vera er opp til einskildmedlemene sjølve og kva desse vil gjera i laget.

LISTE OVER TILLITSVALDE I SUNNHORDLENDINGEN etter årsmøte og konstituering:

Styre:
Formann Willy Mjånes Bergvn.50 5063 KRÅKENES tlf.122583
Nestf. Sigmund Myklevoll, Inndalsv.53g 5032 MINDE tlf.293045
Kasserar Atle Tornes, Stormsgt.4 5000 Bergen tlf.325054(p)/327690(arb
Skrivar Lars Olav Tveita, Ravnestølen 178, 5072 BJ.TRÆ. tlf.235076
Styrem. Kirsti Havikbotn, Lægdesvingen 65, 5030Landås

Hyttestyre:
Formann og hyttekontakt: Lars Olav Tveita tlf.235076
Kasserar og hyttekontakt:Atle Tornes tlf.325054(priv.)/ 327690(arb)
Styremedlem: Anne Britt Hestenes, Stormsgt.4, 5000 BERGEN tlf.325054
Styremedlem: Eldrid Meling Hansen, Ravnestølen 152, 5072.BJ.TRÆ. tlf.264
Styremedlem: Magnhild Arholm, Øvre Stadionvei 106, 5031 LAKSEVÅG tlf.343
Varamedlemer: Gerd Iversen og Anne Sofie Totland

skuttarlaget: Olav Bjørgen - formann
Per Erik Hansen
Bente Mikalsen
Oddvar Drange (varamann).

rådet: Hjalmar Tvedt
Per Ivarsøy
Sebjørn Frøkedal
Kjell Matre
Atle Tornes

utsending til Folkedansgilda: Carsten Helgesen

utsendingar til rådet i Bygdelagsnemnd: formannen
Hans Heie
Margot Eggum (varautsending

revisorar: Sebjørn Frøkedal
Harald Aarlakke

5. Eventuelt.

a) kontingenten.- det vart røysta over to framlegg:
1) kontingent som i fjor, dvs. kr. 80;-
2) nedsetjing til kr. 50.
Ved avrøystinga vart det andre framlegget, kontingent kr. 50,- vedteke med 8 røysten. 3 røysta for kr. 80,-, og 5 let vera å røy

AKTIVITETAR I LAGET I VÅR.

Ein del tilskipingar lyt styret syta for. Fotballturneringa vart som kjent vunne av oss ifjor. Som straff for det, er vi pålagde å arrangera fotballturnering 1984. Kring påsketider sender vi ut innbyding til bygdelaga om å vera med. Så skal vi trena, og omkring 1.juni må alle settja av ein laurdag til kampar og til fest. Festkomite (=matkomite) vil verta utpeika seinare, dersom ikkje folk straks stiller seg i kø. Legg dykk i trening.
17.mai skal vi ut og gå under Sunnhordlendingen si fane. Sett av føremiddagen til det føremålet.
Dersom du synest vi bør ha ein vårfest, så er det fritt for å lage kommite. Styret vil hjelpe til med administrasjon, informasjon og økonomi.Men i samsvar med årsmøtevedtak, er det ikkje opp til oss å ta initiativ.

Styret.

SUNNABURENN 1984
Rennet vil i år gå ei av to helger. Anten 23.mars, eller dersom frammøtet då er for lite - 31.mars.
Hyttekontaktene vil halda seg informert om kor mange som planlegg oppreise kvar av helgane. Så ring om fredagen og høyr om det vert renn. Dersom det ikkje vert Sunnaburenn, men likevel brukbart ver laurdag 31.mars, så kan vi kanskje ta den store Hamlagrø-Kvamskogturen denne helga. Det er ein forholdsvis lett tur på 5-6 timar med pausar. I fint ver er dette ein tur du seint vil gløyma. Ta kontakt med meg før helga dersom du vil vera med.

L.O.T.

DUGNAD PÅ HYTTA.
Kvart år i mai/juni har vi ei stor dugnadshelg på hytta. Dei siste åra er det stort sett dei samme som har gått igjen deroppe. Kom og ver med du og. Særskild velkomne er folk som er snikker og tømrarkyndige, glade i malearbeid, vaskekyndige og flinke til å hydda. Andre kan også få vera med. Opplæring vert gjeven på staden. Bill.mrk. Gratis hus og seng.

L.O.T.

Utleige av hytta.
Førebels er berre ei veke opptatt (veke 15). Kjenner du folk som skal ha ferie, og som ikkje har nokon stad å dra, så overtal dei til å leiga SUNNABU ei veke . Kr.350 er billig frå sundagskveld til fredagskveld.(Medlemer kr. 200).

PÅSKEHELGA
Dei som vil vera på hytta frå skjertorsdag til 2.påskedag, med eksklusiv forpleining, roomservice og berre ein dag kjøkkenteneste, må melda seg på til hyttekontaktane innan torsdag 5.april.

HYTTETAKSTANE.
Dei er førebels dei same som ifjor. Kr.15 pr. natt for medlemer, kr. 20 for ikkje-medlemer (halv pris for born mellom 6 og 15 år). Vekeutleige kr. 200 og kr. 350 , og for helgeutleige (berre utanom høgsesongen) kr. 300 +kr.10 pr person. Store skuleklassarog større lag betalar kr. 600 for veka p.g.a. den store slitasjen og det erfaringsmessige store opprydningsarbeidet etter dei.

Hyttestyret.